

NVE, Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale: Biofish AS – søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam Herad, Hordaland

Samandrag:

Strendene kring Eidesvatnet er påført store skadar som følgje av for stor nedtapping. Vatnet treng ro slik at sårkantane etter tidlegare ras og utvaskingar kan stabilisera seg og vegetasjonen kan gro tilbake. Ei reguleringshøgde på 0,75m er derfor for mykje. Badestendene i Eidesvatnet er svært verdifulle. Det er uråd å bada på strendene når dei er tørrlagde. Friluftslivet må vektleggjast mykje sterkare i konsesjonsbehandlinga enn kva det har vore gjort før. Basert på erfaringane med regulering av vatnet så langt, fråstår me NVE å fornya konsesjonen. Om det likevel skulle bli aktuelt, så må reguleringshøgda avgrensast til 0,4m og det må setjast strenge krav til minstevassføring og oppfylling av magasin innan 1.april. Demning i utløp bør forbeholdast for å unngå at vatnet går langt over HRV. Ein eventuell konsesjonen må vera tidsavgrensa. Konsesjon bør inndragast for godt dersom konsesjonsvilkåra vert brotne med overlegg.

Innleiing

32 år med regulering av Eidesvatnet gjer at grunneigarane no har fått mykje kunnskap om korleis vatnet responderer på dette. Konsekvensane av reguleringa hittil har vore enorme, og kan best karakteriserast som ein lokal naturkatastrofe. Både strender, planteliv, vasskvalitet, fisk, friluftsliv og fastbuande er sterkt påverka av det som har pågått.

Me ynskjer i dette høyringsinnspillet å gje så mykje fakta som me kan om det som er observert, i håp om at NVE skal gjera ei grundig vurdering. Vårt mål er ikkje å stikka kjeppar i hjula for fiskeanlegget, men å ta vare på eit flott vassdrag til felles glede for noverande og framtidige generasjonar.

Historikk

I 1986 vart det gitt konsesjon for settefiskproduksjon på vilkår at vatnet ikkje kunne tappast ned meir enn 0,4m. Uten nokon erfaring med regulering av vatnet, meinte grunneigarane at dette kunne vera til å leva med. Men det viste seg heilt frå starten av at fiskeanlegget hadde bruk for meir vatn enn dette. Konsesjonen har så vorte utvida; først til å godta ei regulering på 0,6m, og til slutt ei oppdemming i tillegg, slik at ein no er oppe i ei reguleringshøgde på 0,75m. Desse utvida konsesjonane kom i stand til trass for protestar frå grunneigarar som såg at Eidesvatnet tålte svært lite regulering. Me har i ettertid undra oss over korleis desse utvidingane kunne akseptast av kommune og NVE. Me forstår ikkje korleis NVE kunne tillata ei nedtapping til eit nivå som på det tidspunktet var lågare enn naturleg utløp frå vatnet og samtidig krevja at det skulle vera minstevassføring i Ljoneselva. (I år 1992 blir LRV sett til 32.25moh, medan botn i elveutløp var på

32.64moh). Me trur at det kan ha skjedd nokre svært uheldige saksbehandlingsfeil. Mange grunneigarar kjenner seg usynleggjorde i prosessen. Det synest som om utvidingane av konsesjonen vart gjevne til trass for historiske brot på konsesjonsvilkåra, og at ein heilt såg vekk ifrå skadane som alt hadde oppstått på strendene.

Underlagsmaterialet som var vedlagt søknaden ved sist utviding, var ikkje korrekt. *Rapport nr 620 frå «Rådgivende Biologer» (år 2003)* konkluderte med at anlegget ikkje hadde behov for å tappa vatnet under LRV i 9 av 10 år. Fasiten er at vatnet vart tappa ned til LRV i 2004 og 2016. I 2006, 2008, 2014 og 2015 vart det tappa under LRV. Det er derfor rimeleg å tru at grunnlagsmaterialet for utrekningane var feil.

Heilt frå starten av har det vore naudsynt å tappa så mykje vatn frå Eidesvatnet at vasstanden minkar i periodar med opphaldsvêr. I enkelte periodar har det vore naudsynt å tappa så mykje vatn at vasshøgda har vorte lågare enn utløpet til Ljoneselva. Elva har dermed vorte tørrlagd. Resultatet er at ein bestand av trua elvemusling har vorte utrydda. Mykje av strandkantane i Eidesvatnet består av lausmassar av runde fine sandkorn. Så lenge denne sanden ligg samanpressa under vassoverflata, ligg den stabilt, men når den vert tørrlagd, eroderer den lett i møte med bølger og bekkar som grev seg ned i sanden. Den stadige nedtappinga av vatnet har ført til fleire utrasingar av strandkantar. Det største raset gjekk i 1988 då heile 100m av ei flott sandstrand forsvann i djupet. Brotkanten var 8 meter inne ved land.

Biofish har ikkje eksistert så lenge, så me har liten erfaring med korleis selskapet vil opptre. Men dagleg leiar i Biofish var tidlegare ein sentral eigar i selskapet Green Salar. Dette selskapet tappa Eidesvatnet altfor mykje ned 2 år på rad. I 2015 førte dette til store erosjonsskadar i påfølgjande hauststorm. Linga Laks braut ikkje konsesjongrensa, men tappa vatnet heilt ned til LRV i 2014. Den første eigaren, Ljones Fisk, sørga for så store brot på konsesjongrensene at ein del strender raste ut i vatnet. Vårt inntrykk er at reguleringshøgda vert nytta for det den er verdt uavhengig av kva selskap som eig fiskeanlegget. Det vert ikkje tatt høgde for at den skal sikra nok vatn til fiskeanlegget i tørre år. Strategien verkar å vera at då er det berre å søkja NVE om å ta ut meir vatn, og å skulda på «unormalt lite nedbør»/ «uvanleg tørt år».

Etter over 30 års erfaring med settefiskanlegg på Ljones kan me konkludera med at:

- 1) Eidesvatnet toler ikkje noko særleg nedtapping.
- 2) Stadig endring i vasstanden gjer at skadane etter tidlegare ras i vatnet ikkje får fred til å «gro».
- 3) Det synest svært vanskeleg å tilpassa produksjonen til ressursgrunnlaget. 3 av dei 5 siste sommarane/haustane har Eidesvatnet vorte nedtappa ned til eller under LRV (2014, 2015, 2016) .
- 4) Pga dei enorme verdiane settefiskeren representerer, blir det ikkje iverksett nedslakting av fisk sjølv om vatnet er tappa ned til lågaste lovlege reguleringshøgde (LRV).
- 5) Nedtapping av vatnet fører alltid til skadar på strendene. Dette fordi påfølgjande vasstandsauke alltid kjem som eit resultat av kraftig nedbør og vind og dermed stor erosjon frå bekkar og bølger.
- 6) Settefiskanlegget har tilsynelatande eit ynskje om å utnytta reguleringshøgda maksimalt, og vil heile tida utvida produksjonen for å oppnå dette.

Erosjonskadar

På side 16 i søknaden påstår søkjar at «*Magasinet i Eidesvatnet har vært benyttet i en årrekke, og strandsonene er godt etablerte uten fare for nye ras eller videre erosjon*». Me reagerer sterk på denne påstanden. Det er direkte feil. Ein god del av lausmassane i strandsona er ustabile når dei vert tørrlagde. Det fins svært mykje dokumentasjon på dette, både i form av bilde og diverse rapportar. Sjå for eksempel vedlagt rapport frå kommunegeolog i 2015. At søkjar prøver å sjå heilt bort i frå dette, er svært lite tillitsvekkjande.

Vasskantane kring vatnet varierer sterkt både i hellingsgrad og massetype. Der fjellet stuper ned i vatnet og der kantane er dekkja av utsprengt stein etter fylkesvegen, er ikkje erosjon eit tema. Dei flataste sandstrendene ser ut til å tola bølgene godt, men dei er utsett for stor erosjon frå bekkane når vatnet vert tappa ned. Dei sandstrendene som har noko større hellingsgrad er utsett for både bølgeerosjon og erosjon frå bekkar. I tillegg fins det område som er enda eit hakk brattare der massane består av meir gjørmeaktig masse og noko blåleire. Desse verkar å vera ustabile i seg sjølv og treng støtte frå vassmassane for å liggja på plass. Heldigvis ligg desse områda stort sett i ly for dominerande bølgeretning, men ved austavind har me sett erosjonskadar også på desse.

Der det er lausmassar kring vatnet, er desse avsett på ein slik måte at det er ganske flatt inne ved lang, og så er det eit bratt maraldebrot lenger ute, der stranda stuper bratt ned mot djupet. Det er sterkt varierande kor langt ute i vatnet denne kanten ligg. Nedtapping som tørrlegg strendene heilt ut til denne kanten er farleg. Bølgjene får då skikkeleg kraft mot kanten og utrasingar kan påreknast. Denne situasjonen oppstod seinast ved Green Salar si nedtapping hausten 2015. Grunneigar Britt Eide fekk studert dei enorme kreftene på nært hald under eit forsøk på å dekkja til ei verdifull badestrand ved Eide. Badestranda vart heldigvis «hengjande» den gongen, men ho beskriv opplevinga som skremmande. Tidlegare har same situasjon ført til større og mindre utrasingar.

Med unntak av den store utrasinga i 1988, så er ingen av raskantane eller bekkeutgravingane forsøkt sikra eller reparert. Skadane har skjedd i område kring vatnet der det ikkje er tilkomme med maskiner. Det er uråd å sikra desse områda uten å gjera nye naturinngrep på land. Pga reguleringa, er det stadig småerosjon i desse områda og dei framstår som godt synlege sår ved låg vasstand. Eidesvatnet treng ro slik at desse sårkantane skal stabilisera seg og vegetasjonen kan gro tilbake. Ref. NVE si vurdering etter synfaring i 1988: «*For å sikre seg best mulig mot videre erosjon bør en unngå pendling omkring erosjonskant, dvs senking under normal lavvannstand bør unngås.*» (Sjå vedlagt befaringsrapport.)

Det er ganske varierande kor mykje regulering strandkantane i Eidesvatnet toler, men samla sett så er skadane på strendene no vorte så store at me ikkje kan tilrå vidare regulering.

Me ser i søknaden at søkjar estimerer med at nedtapping ut over LRV ville ha skjedd i 3 av 36 historiske år. Dette er for oss heilt uakseptabelt. I slike høve er det ikkje berre «fare for erosjonsskadar», det er 100% sikkert at det vert skadar. Denne situasjonen må aldri oppstå!

Avbøtande tiltak mot erosjon er ikkje nemnt i søknad. På strendene nord i Eidesvatnet har grunneigar gjort nokre forsøk på å hindra erosjonskadar som følgje av nedtapping, ved hjelp av ulike typar tildekking av strendene. Det viser seg vanskeleg å unngå utvasking då det i praksis er svært arbeidskrevjande.

Algeoppbløming

Det har vore ein markant auke i algeoppbløming i vatnet etter at fiskeanlegget vart etablert. Det varierer frå år til år om det er brune eller grønne algar. Stort sett er det frittflytande algar som oppstår i den øvre meteren av vasskiktet, men det har også vore synlege partiklar i drikkevatnet som vert teke ut frå djupare vasslag. Enkelte år er det så ille at ein ikkje kan sjå sine egne tær når ein har vatn opp til knea. Dette oppstår i dei varmaste sommarmånadane når det er mest aktuelt å bada. Det er ikkje særleg freistande å bada i slikt vatn. Sidan dette har oppstått etter at fiskeanlegget vart etablert, så trur me det er ein samanheng. Sannsynlegvis er det for liten utskifting av overflatevatn når dette skjer. Det kan nemnast at i 2017 då det regna jamt heile sommaren, så var det bra sikt i vatnet.

Vanskelege vilkår for vassplanter

Me har merka oss at vassplantene i Eidesvatnet er svært vare for endringane som skjer i Eidesvatnet. Sannsynlegvis er det ein kombinasjon av både vasshøgde og utskifting av overflatevatn som gjer dette. *Tjønnaks* hadde stor utbreiing før, men er nærmast utrydda. Det er fleire år sidan planta vart observert no, men det kan muligens liggja frø på botnen som kan spira ved rette livsvilkår. Utreiinga av *elvesnelle* og *botnegras* er også sterkt redusert. *Brasmegraset* ser ikkje ut til å vera trua, men det går sterkt ut over denne arten når vatnet er lågt. Då ser ein ofte tjukke belte med opprivne planter inne ved land.

Gul vasslilje ser ut til å ha stabil utbreiing, men felta har flytta seg til nye område. Enkelte år har mykje liljer daua pga at røtene har vorte tørrlagde og bølgene har vaska laus røtene frå strendene.

Etter at reguleringa av vatnet hadde pågått nokre år, dukka det opp ei ny plante i vatnet; *tusenblad*. Denne har spreidd seg til heile vatnet og har overteke mykje av plassen som andre planter skulle hatt. Sommaren 2017 heldt Eidesvatnet seg stort sett i normalhøgde. Dette året var overflatevatnet markant klårare og utbreiinga av *tusenblad* var sterkt redusert. Dei stadeigne vassplantene såg ut til å trivast betre enn på fleire år. Me trur difor at dersom vatnet kan vera i normalhøgde over lenger tid, så vil det opphævelege plantelivet i Eidesvatnet raskt komma tilbake til slik det var før.

Nedgang i fiskebestand

Etter at utrasingane tok til i Eidesvatnet, har fiskebestanden gått ned. Me kan bekrefte at det per idag fins ål, røye og aure i vatnet. Tidlegare fans det også stingsild, men den har sansynlegvis vorte utrydda etter dei første åra med tørrlegging at strendene. Før fiskeanlegget vart etablert, gjekk det opp ein del sjøaure i vatnet, og det har også hendt at det har gått opp ein og annen laks. Vatnet var tidlegare overfolka av røyr og aure, men no vert det nesten ikkje observert gyteklar røyr. Storleiken på fisken har gått opp, noko som isolert sett kan vera positivt, men særleg utviklinga dei siste åra gjer oss bekymra for om rekrutteringa er god nok på lang sikt. Me trur at ei årsak kan vera at auren i enkelte år har hatt problem med å komma seg opp i bekkane for å gyta. Når bekkane grev seg ned i tørrlagde lausmassar, dannar det seg avsatsar som kan vera vanskelege å komma over. Dette var særleg tydeleg hausten 2015.

Negativt for friluftsliv

Me registrerer at søkjar berre tar omsyn til såkalte «klassifiserte viktige friluftsområde» på side 21 i søknad. Eidesvatnet er svært viktig som friluftsområde for fastbuande. På side 22 og side 4 i søknaden er den samla vurderte verknaden for friluftsliv sett til «ubetydeleg». Dette er me sterkt

ueinige i. Søkjar manglar sanssynlegvis kunnskap om korleis vatnet vert nytta og kor sterkt reguleringa har påverka lokalbefolkninga i dei åra fiskeanlegget har eksistert.

Sandstrender i ferskvatn er uvanleg i Kvam. I alle fall i vatn som ligg så lett tilgjengeleg for friluftsliv. Mykje av strendene i Eidesvatnet består av fin sand og strendene er derfor gode badeplassar. Strendene kring Eide er for oss som bur i området, fantastiske. Me er veldig glade i desse strendene og dei betyr mykje for livskvaliteten. Badestrendene i Eidesvågen og Eidesvatnet komplementerer kvarandre; Eidesvågen har sjøvatn, morgonsol og ly for vestavinden. Eide har ferskvatn, kveldsol og ly for austavinden. Såleis har det vore vanleg for ungdom å bada i sjøen først, og avslutta med eit reinsande bad i Eidesvatnet seinare på dagen. Det er ikkje berre fastbuande som nyttar bademogelegheitene i Eidesvatnet. Eidesvatnet ligg tett ved fylkesvegen og på varme dagar stoppar gjerne forbireisande for å bada. Slekt og venner nyttar også strendene.

Me ser at stadig regulering av vatnet tærer på strendene, ved at litt og litt sand forsvinn. Når det skjer «bagatellmessige» skadar år for år, vert skadane på sikt ganske store. Den sanden som vert vaska bort frå badestrendene, kjem ikkje tilbake. Ved uheldige omstende er det gjort store skadar på få timar. Bølgeerosjon kan fjerna fleire lastebillass med sand i laupet av ein hauststorm. Det er vanskeleg å påvisa dette i etterkant, sidan sandbotnen slettar seg til igjen når vatnet stig. Men dei som har nytta badestrendene over tid, meiner at strendene har fått større hellingsgrad enn før, og at det er mindre sand inne ved land. Der ein før trakka uti og hadde vatn over rista, har ein no gjerne vatn til midt oppå leggen ved lik vasshøgde.

Det er ikkje ynskjeleg at denne utviklinga skal fortsetja.

0,75m nedtapping av vatnet betyr at store delar av badestrendene og øvrige strender vert tørrlagde. Det er negativt for badeaktiviteten. Særleg er det negativt for barn som ikkje er symjedyktige eller som er redde for å symja på djupet (utanfor maraldbrotet). Det gjer det også vanskelegare å leggja utpå båtar, sidan dei gjerne må dragast langt over stranda før ein kjem til vasskanten.

Den finaste igjenverande sandstranda, «Eidessanden», nordaust i vatnet, har liten hellingsgrad. Dette er ei populær badestrand og turområde for oss som bur i området. Området er svært idyllisk. Ved nedtapping ligg store delar av denne tørrlagd. Stranda har fått store sår som følgje av graving frå bekkar i området. Eit bekkeutlaup som i utgangspunktet er ca 0,5-1m breitt, har greve seg ned i sanden og laga eit bekkefar som er fleire meter breitt på det breiaste. Djupna er mellom 0,5 – 1 m. Det store bekkefaret gjer at det ikkje lenger er mogeleg å vassa heile stranda på langs når det er normalvasstand. Når vatnet er nedtappa, ser skadane stygge ut, og øydelegg noko av den fine naturopplevinga ein får av å vera på denne staden. Stranda mistar også sin funksjon som badeplass, når det ikkje er vatn på stranda. For at skadane på denne stranda skal glattast ut og forhåpentlegvis reparera seg sjølv, er det ikkje tilrådeleg å regulera Eidesvatnet.

Det foregår litt fiske frå land i Eidesvatnet. Fiskeaktiviteten kunne nok vore enda større med meir tilrettelegging. Men skadar på strendene pga ras og erosjon i bekkeutlaup har gjort det vanskelegare å forflytta seg langs land enn kva det var før. Raskantane går fleire stader heilt inne ved skogkanten, og ein må forflytta seg eit stykkje inn i skogen for å komma forbi. I dei bekkane som renn relativt flatt siste stykket før dei renn ut i vatnet, har det også erodert ein god del innover bekkelaupet i skogen. Då må ein gå ganske langt innover i skogen for å passera. Det er viktig å halda vatnet i stabil høgde no, slik at desse skadane ikkje får utvikla seg.

Dei vintrane Eidesvatnet er islagt, samlar det seg folk frå både Tørvikbygd og nabobygdene for å gå på skøyter. Den beste skøyteisen får ein gjerne i tørt og fint vær, noko som ofte fell saman med behov for nedtapping av vatnet. Ein må då vera varsam med å gå utpå isen sidan den heng i lause

lufta frå kanten og ned til aktuell vasshøgde. Fastbuane er urolege for at tilreisande ikkje er merksame nok på denne faren.

Den psykiske verknaden av å ha ei regulering av vatnet skal heller ikkje undervurderast. Fleire av dei som har opplevd dei verste utrasingane i vatnet er engstelege for at det skal skje igjen. Livskvaliteten vert redusert når ein ikkje fullt ut kan gle seg over fine sommardagar fordi ein fryktar at vasstanden i Eidesvatnet skal minka. Livskvaliteten er redusert når ein ikkje får sova ei uværsnatt pga at ein er redd for at blottlagde stender skal verta øydelagde.

Ein heil generasjon barn og ungdom på Eide vart frårøva ei flott badestrand i 1988. Det samme gjeld stranda på Kvitastein der mesteparten an sanden er vekkvaske. Me ynskjer å ta vare på dei badestrendene som er igjen til glede for noverande og kommande generasjonar. Det må leggjast veldig mykje meir vekt på Eidesvatnet som friluftsområde enn kva det har vorte gjort i tidlegare konsesjonsrundar.

Demming/luke bør forbedrast

Ref. skisse av demning i figur 3 i søknad (Eidesvatnet bakerst i bilde, utlaupselva nærmast). Demningen med luke i utlaupet av vatnet fungerer ikkje optimalt. I periodar der vatnet er aukande mot HRV, vert det slept ut for lite vatn. Og når først vatnet renn over demningen, så er den ikkje brei nok til å sleppa ut nok vatn. Det fører til vidare oppbygging av vasshøgda langt over HRV. Når vatnet vert så høgt, er det fare for utvasking av ein privat veg i nordre ende av Eidesvatnet, og bølgene slår oppi bordkledning på pumpehuset like ved. På Kvitastein blir det problem med dreneringa frå eit lågtliggjande jordbruksareal. Men løysinga er ikkje nødvendigvis ein breidare demning, for det er ikkje plass til meir vatn lengre nede i Ljoneselva. Me trur løysinga er betre regulering, eller ei utforming av demningen som gjer at meir vatn får sleppa over kanten på eit tidlegare tidspunkt. (Slik det er no, er det eit søkk i betongkanten som ligg på HRV=33.00 men mesteparten av betongkanten har ei høgde på ca 33.09moh. Ref. Oppmåling frå komunegeolog i 2015.) Det vil vera ein stor fordel om alle grunneigarane kring Eidesvatnet og Ljoneselva får uttala seg ved ei evt. endring av demningen.

Me har sett fleire tilfelle der det ikkje renn noko vatn ut av Eidesvatnet fordi det er tappa under LRV. Likevel står det ein del vatn kring målestav på utsida av demningen (vatn i den støypte «kassen» som ein ser på figuren i søknaden). Dersom målestav på utsida av demningen vert nytta til å logga vasshøgde i slike tilfelle, er det dermed mogeleg å få loggført falsk vasshøgde.

Effektar i Ljoneselv

Ljoneselva er klassifisert til å ha dårleg økologisk tilstand i følge www.vann-nett.no. Det stemmer bra med det som me observerer. Øvre delar av elva er prega av gjenngroing og til tider ståande brakkvatn. Dette kjem først og fremst av brot på krav om minstevassføring, og me trur omsøkt minstevassføring kan vera tilstrekkeleg. Men me ynskjer at ein eventuell konsesjon vert gjort tidsavgrensa slik at ein kan vurdere minstevassføring på ny etter nokre år.

Vassforbruk og tilgang på vatn

Ref. side 21 i søknad (vassforsyning):

I tillegg til at Eidesvatnet vert nytta til vatning i tørre periodar, kan me opplysa at Eidesvatnet vert brukt som vasskjelde til storparten av befolkinga på Eide. Vatnet forsyner for tida 8 bustadhus, 1 hytte, 2 storfefjøs og eit hønsehus. I tillegg er det eit felles anlegg for brannvatn, vatning og blandevatn for gylle som dekkjer både Eide og delar av Eidesvågen. Anlegget er ikkje i dagleg bruk, men det er svært viktig når ein først treng å bruka det.

Ved nedtapping av vatnet er det 2 problem som kan oppstå med dette anlegget; det kan vera vanskeleg å få pumpa til å suga vatn og ved tjukk is kan inntaket frysa.

NVE må ha i mente at bruken av referansevassdraget «Eikelandsvassdraget» og hydrologiske målingar frå målestasjon ved Eikelandssosen i Fusa ikkje gir noko fasit på korleis vassstilførselen vil vera i Eidesvatnet.

Ei kvar nedtapping av Eidesvatnet under normal minstevassstand gjer skadar på strendene. Så dersom NVE vel å gje konsesjon, bør den avgrensast til ei reguleringshøgde på 40cm. Været er som kjent veldig varierende, og det er ikkje unaturleg å anta at 1 av 5 år har lange samanhengande tørkeperiodar. Det bør derfor kalkulerast med at tørkeperiodar på 60 dagar kan oppstå.

Me har gjort nokon grove utrekningar basert på følgjande:

- maks forbruk av vatn: 5m³/min
- Overflateareal i Eidesvatnet: 0,76km² (ref. vann-nett.no)
- loddrette kantar i vatnet (sjølv sagt ikkje sant)
- 0 i tilsig (ikkje heilt urealistisk dersom t.d. bekkane har frose om vinteren, eller det er veldig tørt)
- 0 i avdamping (heller ikkje heilt urealistisk viss vatnet er islagt)
- berre minstevassføring på 1m³/min i Ljoneselva (gjeld dersom Ljoneselva ikkje er frosen. Det vil i praksis renna meir vatn enn dette i starten)

Med desse føresetnadane er det då vatn til fiskeanlegget i berre 35 dagar før vatnet er nedtappa 40cm. Dette er etter vårt syn 25 dagar for lite, og viser at det planlagte anlegget kanskje er litt for stort. Det er i alle fall ikkje vassreservar til ei evt. framtidig utviding.

Forslag til konsesjonskrav

Me meiner at Eidesvatnet må få fred no, og oppmodar NVE om å avslå søknad om vidare regulering av vasshøgda. Dersom NVE likevel vel å gje konsesjon, så meiner me det må settjast på desse vilkåra:

- 1) Reguleringshøgde 40cm (HRV=33.0moh, LRV=32.60moh)
- 2) Me registrerer at sjølv små endringar i måten Eidesvatnet vert regulert på, ser ut til å påverka artsmangfaldet i strandsona. Det bør gjerast ei kartlegging av artsmangfaldet, slik at ein får ein referanse til seinare bruk.
- 3) Minstevassføring i Ljoneselva (som omsøkt).
- 4) Krav om oppdemming innan 1.april kvart år bør vidareførast. Me trur dette har hindra fleire nedtappingar utover sommaren.

- 5) Produksjonen må tilpassast ressursgrunnlaget. Anlegget må kunna leggja fram ein vassforbruksplan som dokumenterer at fiskeanlegget har nok vatn til å tåla ein tørkeperiode på 60 dagar utan å bryta konsesjonsvilkåra.
Alternativt bør det krevjast at fiskeanlegget har ein beredskapsplan dersom vassnivået nærmar seg LRV. Det er ikkje berre nedbøren som kan utebli, men de kan henda at fisk vert ståande lenger i anlegget enn kva ein hadde planlagt, eller at det skjer teknisk svikt som gjer at ein må bruka meir ferskvatn enn planlagt (f.eks ved lengre straumbrot.) Det å kvitta seg med fisk bør vera eit reelt alternativ.
- 6) Tidsavgrensa konsesjon.

Forslag til sanksjonar ved brot

Sjølv om Biofish skulle velja å opptre varsamt, så må ein ha i baktankane at ein evt. konsesjonen i framtida kan bli overført til nytt firma med heilt andre intensjonar. Me ynskjer å unngå ein situasjon der stadig nye aktørar får «prøva seg» på regulering av vatnet, og at det kan oppstå skadar som følge av dette. Det har fram til no vore mange brot på konsesjonsgrensene frå dei ulike selskapa som har drifta fiskeanlegget. Me ynskjer derfor at ein eventuell konsesjonen vert inndratt for godt dersom konsesjonsvilkåra vert brotne med overlegg.

Mvh

Grunneigarar på Eide og Kvitastein:

Britt Eide
G.nr 83/1

Jurgita Radulovic
G.nr 83/21

Heine Ugletveit
G.nr 83/6, 17, 18, 19

Anne Gerd Ugletveit
G.nr 83/51

Bjørnar Vik
G.nr 83/9

Olav Andreas Kvitastein
for G.nr 84/1

VEDLEGG:

Rapport frå kommunegeolog i 2015
Oppmåling av demning, kommunegeolog 2015
Befaringsrapport frå NVE i 1988

KOPI TIL:

Fylkesmannen i Hordaland
Kvam herad
Naturvernforbundet i Kvam